



Reglement

Politisk delegerings- og innstillingsreglement



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

Heimel	3
Formål	3
I Generelt om delegering - delegeringsprinsippa.....	3
II Fylkestinget	5
III Fylkesutvalet – klagenemnd	5
IV Hovudutvala	6
V Andre nemnder og utval med særskilte fullmakter – Administrasjonsutval/partssamansette utval - Utbyggingsutvalet for bygg- og vegsaker	6
VI Fylkeskommunedirektøren	6
VII Innstillingsmynde til politiske utval.....	7
VIII Ikrafttredelse og revisjon	7

HEIMEL

§ 1

Delegerings- og innstillingsreglementet er utarbeidd med heimel i lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 nr. 83.

FORMÅL

§ 2

Det politiske delegerings- og innstillingsreglementet er Møre og Romsdal fylkeskommune sitt reglement som regulerer kva for politisk organ som har mynde til å fatte avgjerd på vegner av fylkeskommunen, og i kva omfang organet kan delegerere sitt mynde til fylkeskommunedirektøren som øvste leiar for den fylkeskommunale administrasjonen. Reglementet skal vere med på å fremje effektiv sakshandsaming og at avgjerd blir tatt på rett nivå, under omsyn til behovet for politisk styring og kontroll, rettstryggleik og effektiv ressursutnytting.

I

GENERELT OM DELEGERING DELEGERINGSPRINSIPPA

§ 3

Ordet "delegering" tyder at eit organ og gir eit underordna organ mynde til å utøve den mynde det delegerande organ har. Delegering inneber difor ikkje at det organ som delegerer mynde til eit underordna organ gjev frå seg si mynde. Dette inneber at det delegerande organ for det første har sitt mynde i behald, noko som gjer at organet, dersom ikkje lov/forskrift eller anna rettsgrunnlag er til hinder for det, kan gjere om det underordna organ sine vedtak. Når det delegerande organ har slik generell omgjeringssmynde følgjer det av dette at dei og kan gjere det «noko mindre», dvs. at organet anten generelt eller konkret i bestemt sak eller bestemte saker kan instruere det underordna organet om på kva måte myndet skal utøvast. Delegerande organ kan og til dømes krevje ei sak lagt fram for seg for avgjerd, sjølv om avgjerd i saka etter reglementet normalt skulle vore gjort av det underordna organ.

Det som her er sagt er forankra på det tilsynsansvar det/dei delegerande organ har i høve dei organ som får sitt mynde delegert. På same måte som eit overordna organ fritt kan delegerere mynde til underordna organ, med mindre noko anna er fastsett i eller i medhald av lov, kan delegert mynde når som helst trekkast inn og/eller gis til anna underordna organ.

I utgangspunktet er det to hovudprinsipp for delegering. Ein kan nytte ei «positiv avgrensing» ved delegering, i praksis betyr dette ei relativt detaljert opprømsing av lovheimlar, sakstyper etc. det er delegert mynde i. Det motsette prinsipp er kalla «negativ avgrensing», det vil seie at ein til dømes delegerer all mynde på eit saksområde, men avgrensa av lov/forskrift eller vedtak i fylkestinget eller det delegerande organ. Møre og Romsdal fylkeskommune har, på same måte som Stortinget har gjort i kommunelova, vald denne løysinga. Vi har alltid lagt til grunn ei «negativ» avgrensing. Føretrinnen med dette prinsippet er at fylkeskommunen som beslutningstakar aldri vil komme i eit beslutningsmessig «vakum», dvs. ha gråsoner/manglande oversikt over kva mynde t.d. eit hovudutval har når oppgåveportefølja for fylkeskommunen over tid endrar seg. Dette vil normalt bli situasjonen dersom ein vel prinsippet om «positiv avgrensing» og nye oppgåver kjem til, eksempelvis på kulturområdet, men utan at ein samstundes i fylkestinget har gjort

endringar/tilpassingar i delegeringsreglementet. I ein slik situasjon vil avgjerd i desse «nye» sakene måtte gå vegen frå hovudutval via fylkesutvalet til fylkestinget. Ved å praktisere prinsippet om «negativ avgrensing», noko Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort frå 1992, vil vi soleis alltid ha oppdaterte delegeringsreglement utan utilsikta formelle beslutningsmessige hindringar. Det er av denne grunn dette prinsippet for delegering er vidareført i reglementet.

Fylkestinget er etter kommunelova § 5-3 det øvste organ i fylkeskommunen og er tillagt all vedtaksmynde på vegner av fylkeskommunen. Fylkestinget kan, om ikkje anna går fram av lov eller delegeringsvedtak, delegere sitt mynde til underliggende organ og fylkeskommunedirektøren. Avgrensinga i fylkestinget sin delegeringskompetanse kjem i dei tilfella der kommunelova nyttar formuleringa «fylkestinget sjølv». Med ei slik formulering har lovgjevar fastsett at avgjer i slike saker MÅ gjerast av fylkestinget sjølv, med mindre vilkåra for hastevedtak etter § 11-8 er til stades.

Denne lovgjevingsteknikken m.o.t. å avgrense delegeringsadgangen kjem m.a. tydeleg fram i kommunelova § 5-7 Utval. Bestemmelsen har slik ordlyd:

«§ 5-7. Utvalg

*Kommunestyret og fylkestinget **kan selv** opprette utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. Kommunestyret **kan selv** også opprette utvalg med ansvar for en geografisk del av kommunen (kommunedelsutvalg). Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer.*

*Kommunestyret og fylkestinget **velger selv** en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget. Kommunestyret og fylkestinget **fastsetter selv** hva slags saker utvalget skal behandle. Utvalget kan få tildelt vedtaksmyndighet hvis ikke noe annet følger av lov.*

Utvalget kan opprette et arbeidsutvalg med medlemmer som er valgt blant medlemmene av utvalget. Dette kravet gjelder ikke når kommunedelsutvalget velger arbeidsutvalg.

*Utvalget kan gi lederen eller arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller **fylkestinget selv** har bestemt noe annet. Kommunedelsutvalg kan i tillegg gi lederen av administrasjonen i kommunedelen tilsvarende myndighet.*

*Kommunestyret og fylkestinget **kan selv** når som helst omorganisere eller nedlegge utvalg»*

Som det går fram av lovbestemmelsen skal utval som fylkestinget «selv» har oppretta/ vald medlemmer til/definert arbeidsområde for/gitt mynde til, sjølv forvalte denne oppgåva – herunder vidare delegere sitt mynde med mindre fylkestinget har beslutta annleis.

Fylkeskommunedirektøren er etter kommunelova § 13-1 den øvste administrative leiaren for den samla fylkeskommunale administrasjonen, og kan etter kommunelova § 5-3, 3. ledd få delegert mynde frå fylkestinget eller anna folkevald organ til å treffe vedtak innanfor dei rammer lovgjevinga set. Sentralt i høve dette er kommunelova si føresetnad om at delegering berre kan skje i saker som ikkje er av «*prinsipiell betydning*». Saker av prinsipiell betydning kan med andre ord berre handsamast av folkevald organ. Kva som er saker av «*prinsipiell betydning*» må avgjerast etter ei konkret vurdering i kvart tilfelle. Om det er tvil kor vidt ei sak er av prinsipiell betydning, skal

fylkeskommunedirektøren søkje ei avklaring om dette med politisk leing. Når dette er sagt vil ein normalt i sjølve delegeringsvedtaket, der ein ser at saker av «prinsipiell betydning» kan bli ein del av det saksområdet ein vil delegere avgjerdsmynde til fylkeskommunedirektøren i, i sjølve delegeringsvedtaket fastsette føresetnader, prinsipp m.v. som er styrande for bruken av avgjerdsmyndet slik at einskildsaker på området ikkje blir «saker av prinsipiell betydning». Sagt med andre ord er dermed det prinsipielle politisk avklart ved delegering, det som står att er å treffe avgjerder innanfor desse politisk fastsette prinsipielle avklaringane.

II FYLKESTINGET

§ 4

Fylkestinget er fylkeskommunen sitt øvste organet, og gjer vedtak på vegne av fylkeskommunen i alle saker med mindre ikkje anna følger av lov, forskrift eller eit delegeringsvedtak i fylkestinget som legg myndet til anna organ.

§ 5

I medhald av kommunelova § 5-3, 3. ledd kan fylkestinget delegere avgjedsmynde/vedtaksmynde til andre folkevalde organ, fylkesordføraren og til fylkeskommunedirektøren innan den ramma sett i kommunelova eller anna lov. Mynde som er delegert til andre organ, politiske og administrative, skal bli brukt i samsvar med retningsliner som er fastsett i eller i medhald av lov og forskrift, vedtak fatta av fylkestinget og god forvaltningskikk.

§ 6

Mynde gitt frå fylkestinget til fylkesutval og hovudutvala går fram av dette reglement §§ 8, 9, 11, jfr. § 10 og § 14, supplert med fylkestinget sine vedtatte reglement for dei aktuelle folkevalde organ.

§ 7

Fylkestinget har det overordna ansvaret og tilsynet med all forvaltning i underliggende organ.

III FYLKESUTVALET

§ 8

Fylkesutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6. All delegert mynde frå fylkestinget til underliggende folkevalde organ går gjennom fylkesutvalet.

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje vert avgjort i fylkestinget og i saker der avgjerdsmynde ikkje er lagt til hovudutval eller anna underordna organ.

Fylkesutvalet har mynde til å fatte vedtak i hastesaker etter kommunelova § 11-8.

Fylkesutvalet er høyringsorgan på vegne av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Fylkesutvalet er regional planmynde i saker som gjeld kommuneplan, samt kommunedelplan og reguleringsplan som har regionale konsekvensar. Fylkesutvalet kan gi fråsegn og framsette motsegn til kommunale planforslag som vedkjem alle fylkeskommunen sine ansvarsområde. Fylkesutvalet behandlar utkast til og gjer vedtak om fylkeskommunen sitt planprogram. Høyringsutkast til fylkeskommunen sine planer blir vedtatt av fylkesutvalet.

Fylkesutvalet innstiller i alle saker som skal til fylkestinget, med unnatak av saker frå kontrollutvalet.

For fylkesutvalet sitt mynde og sine arbeidsoppgåver blir det elles vist til reglement for fylkesutvalet og for fylkestinget.

KLAGENEMND

§ 9

I medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd er fylkesutvalet klagenemnd for enkeltvedtak fatta av forvaltningsorgan oppretta i medhald av lov om kommuner og fylkeskommuner. Når fylkeskommunedirektøren eller nokon på fylkeskommunedirektørens vegne fattar enkeltvedtak, skal fylkeskommunedirektøren eller den som gjer vedtak på vegne av fylkeskommunedirektøren, også behandle eventuell klage etter reglane i fvl. § 33 (saksforberedelse i klagesak), dersom ikkje noko anna følgjer av lov, forskrift eller delegeringsvedtaket.

IV HOVUDUTVALA

§ 10

I medhald av kommunelova § 5-7 har fylkestinget oppretta følgjande hovudutval:

- Kultur-, næring- og folkehelseutvalet
- Utdannings- og kompetanseutvalet
- Samferdselsutvalet

§ 11

Hovudutvala tek innanfor sitt arbeids- og ansvarsområde avgjerd etter dei retningslinjer som er fastsett i eller i medhald av lov og forskrift med mindre vedtak av fylkestinget eller fylkesutvalet avgrensar avgjerdsmyndet til utvalet.

For nærare om arbeids- og ansvarsområde, blir det vist til reglementa for utvala.

§ 12

Avgjerdsmynde i saker av ikkje prinsipiell karakter kan delegerast til fylkeskommunedirektøren.

V ANDRE NEMNDER OG UTVAL MED SÆRSKILTE FULLMAKTER

ADMINISTRASJONSUTVAL / PARTSSAMANSETTE UTVAL

§ 13

Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje administrasjonsutval. Oppgåvene til partssamansette utval etter kommunelova og hovudavtalen, som skal behandle saker mellom arbeidsgivar og tilsette, er etter avtale med arbeidstakarorganisasjonane om samarbeidsutvalsstruktur lagt til hovudsamarbeidsutvalet og underliggende samarbeidsutval. Utvala sitt virke er regulert i reglement for samarbeidsutval, sist revidert 4. juni 2013.

Samarbeidsutvala dekker både funksjonen som kombinert samarbeidsutval og arbeidsmiljøutval, jf. hovudavtalen for kommunal sektor og arbeidsmiljølova, og funksjonen som partssamansett utval, jf. hovudavtalen for kommunal sektor.

Når det gjeld funksjon og oppgåver blir det vist til dei lover og avtalar som regulerer dette, dvs. hovudavtalen, arbeidsmiljølova og kommunelova.

UTBYGGINGSUTVALET FOR BYGG OG VEGSAKER

§ 14

I medhald av kommunelova § 5-7 har fylkestinget oppretta utbyggingsutvalet for bygg- og vegsaker. Dette er eit rådgjevande utval som mellom anna skal gje tilråding til overordna politiske organ i aktuelle saker som vert handsama etter byggereglementa.

Utvalet kan og treffe avgjerd i nærare fastsette saker. Det vises til reglement for utvalet, samt reglar og retningsliner for byggeprosjekt.

VI FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

§ 15

Fylkeskommunedirektøren er etter kommunelova § 13-1, øvste leiar for fylkeskommunen sin administrasjon. Han skal leie den samla fylkeskommunale administrasjonen med dei unntak som følger av lov, og innanfor dei instruksar, retningsliner eller pålegg fylkestinget gir.

Fylkeskommunedirektøren kan etter kommunelova § 5-3, 3. ledd få delegert mynde frå fylkestinget eller anna folkevald organ til å treffe vedtak innanfor dei rammer lovgjevinga set.

All delegering til administrasjonen frå politiske organ, skjer til fylkeskommunedirektøren.

Vedtaksoppfølging

Fylkeskommunedirektøren skal kvart halvår legge fram for fylkestinget ei oversikt over dei politiske vedtak/bestillingar som er gjennomførte, dei som er under arbeid, og dei som ikkje er påbegynt.

VII INNSTILLINGSMYNDEN TIL POLITISKE UTVAL

§ 16

Fylkesutvalet har innstillingsmynde i alle saker kor fylkestinget gjer vedtak (med unntak av saker frå kontrollutvalet til fylkestinget), jfr. § 8.

Fylkeskommunedirektøren har innstillingsmynde til:

- fylkesutvalet
- hovudutvala
- rådgivande utval

Hovudutvala si tilråding i saker innanfor sitt ansvarsområde der dei sjølv ikkje har mynde til å fatte vedtak, følgjer som vedlegg til fylkeskommunedirektøren si innstilling til fylkesutvalet.

VIII IKRAFTTREDELSE OG REVISJON

§ 17

Gjennomgang av reglementet skal skje ein gong i kvar valperiode og seinast innan 31. desember året etter at fylkestinget er konstituert, jf. kommunelova § 5-14. Mellom desse lovbestemte gjennomgangane legg fylkeskommunedirektøren, om naudsynt, fram sak om revisjon som følgje av eksempelvis eventuelle lov- eller andre regelendringar.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00**Mail:** post@mrfylke.no**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune